

Møtebok: Læringsmiljøutvalet (22.05.2017)

Læringsmiljøutvalet

Dato: 05.22.2017

Sted: Skype, Stord, Bergen og Førde

Notat:

Saksliste

Vedtakssaker

7/17 Godkjenning av innkalling og saksliste, godkjenning av referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017 . 3	
8/17 Felles ruspolicy, førebygging av- og retningslinjer ved rusmisbruk blant studentar	7
9/17 God informasjonsflyt ved implementering av nye reglar og forskrifter	14
10/17 Opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar	15

Orienteringssaker



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/03218-9 Arkivkode.
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato
Læringsmiljøutvalet 22.05.2017

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE TIL MØTE I
LÆRINGSMILJØUTVALET 22.05.2017, GODKJENNING AV REFERAT
FRÅ MØTE I LÆRINGSMILJØUTVALET 03.04.2017**

Forslag til vedtak/innstilling:

Innkalling og saksliste til møte i Læringsmiljøutvalet 22.05.2017 vert godkjent.
Referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017 vert godkjent.

Vedlegg:

Referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017.

Til
Medlemmer, varamedlemmer og observatører i Læringsmiljøutvalet
Kopi til læringsmiljøkoordinatorar i nærregionane

Vår ref.:
17/03218-8

Vår dato:
11.04.17

Referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017

Sted, dato og møtets varighet: Sogndal, 03.04.2017 kl 10:30-15:30.

Til stades: Hellen Dahl, Marianne Nesbjørg Tvedt, Thomas Blomvågnes, Jan Erik Vatland (vara), Kristen Stæger-Breisnes, Astrid Hove (vara), Henrik Brown Halleraker, Marion Kristine Gustavsen, Arne Bygstad, Pia Oline Lilleskare Lunde, Thomas Reite

Observatører: Hege Råkil, Sindre Dueland, Einar Georg Johannessen

Forfall: Tove Sandvoll Vee, Hanna Elisabeth Nyrud, Øivind Henne

Referent: Grethe Lønning Grimsbø

Program for dagen:

Kl 10:15-10:30 Kaffi, te og ein matbit
Kl 10:30-11:45 Presentasjon, konstituering, sakshandsaming
Kl 11:45-12:30 Presentasjon av Studentsamskipnaden på Vestlandet v/
Vigdis Valeberg Høyheim (nestleiar nærregion Sogn og Fjordane) og
Hege Råkil (direktør for SiB Helse og veiledning)
Kl 12:30-13:00 Lunsj
Kl 13:00-13:45 Omvisning på campus
Kl 13:45-15:30 Sakshandsaming forts

Hellen Dahl vart valt til ordstyrar i møtet, og alle møtedeltakarane fekk presentere seg.

1/17 Innkalling og saksliste til møte i Læringsmiljøutvalet (LMU) 03.04.2017

Vedtak: Innkalling og saksliste til møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017 vert godkjent.

2/17 Konstituering av LMU og val av leiar for våren 2017 og studieåret 2017/2018

LMU-medlemmer hadde kommentarar på at rulleringsordninga som er foreslått i rapporten frå arbeidsgruppe for organisering av LMU, må endrast noko for at både studentar og tilsette frå ein studiestad skal ha leiarvervet. Dette vil bli teke til etterretning.

Rapporten foreslår at tilsetterepresentanten frå Sogndal vert valt til første leiar av LMU. LMU-medlemmene støttar dette forslaget.

Studentane har per i dag ikkje valt ein vara per studiestad, men vil vurdere å gjere eit unntak frå prinsippet som seier at høgskulen ikkje skal kunne instruere kven studentane skal kunne velje til verv, slik at alle medlemmer i LMU, både tilsette og studentar, har varamedlem frå same studiestad.

Vedtak: Seks tilsette ved HVL (oppnemnd av rektor), og seks studentar (valt av Studenttinget) utgjer Læringsmiljøutvalet ved HVL. Observatørar er Studentsamskipnaden på Vestlandet, Hovudverneombod og Studentombod.

Mandatet til utvalet ligg i UH-lova § 4-3.

Tove Sandvoll Vee vert valt til leiar av Læringsmiljøutvalet ved Høgskulen på Vestlandet for våren 2017 og studieåret 2017/2018.

3/17 Prosess for utarbeiding av handlingsplan for inkluderande læringsmiljø

Arbeidsgruppe for utarbeiding av handlingsplan for inkluderande læringsmiljø vert sett saman av følgjande:

Nina Mønstre, Bergen

Sissel Kvåle Ulla, Sogn og Fjordane

Thomas Mikkelsen, Stord/Haugesund

Samt følgjande frå Læringsmiljøutvalet:

Pia Lilleskare Lunde, student

Thomas Reite, student

Marianne Nesbjørg Tvedt, teknisk/administrativt tilsett

Hellen Dahl, fagleg tilsett

Innspel frå Læringsmiljøutvalet:

- Det må gjerast eit arbeid for å definere kva som skal vere med i planen, og det er viktig å sjå til alle relevante planar som allereie eksisterer.
- Planen må ha ein god struktur med mål, tiltak og kven som er ansvarleg.
- Læringsmiljø handlar om mykje meir enn universell utforming og tilrettelegging for studentar. Det handlar om å ha eit miljø som i størst mogleg grad fremjer læring hos studentane. Eit læringsmiljø der flest mogleg ynskjer å delta. Dette perspektivet må ivaretakast i planen.
- Det handlar om fysisk, psykososialt, pedagogisk, digitalt og organisatorisk læringsmiljø.
- Det må gjerast ein grenseoppgang mot HMS-arbeidet, dette krev samarbeid mellom AMU og LMU.
- Lokale saker bør så langt råd er løysast lokalt, men kan løftast opp på institusjonsnivå ved behov.
- Planen bør sjå lengre enn til eit minimum, ein må tenkje proaktivt, ikkje reaktivt.
- Det vert viktig å få med hensikta med læringsmiljøarbeidet – kvifor jobbar me med dette?

Vedtak:

Læringsmiljøutvalet ber arbeidsgruppe om å utarbeide handlingsplan for inkluderande læringsmiljø for Høgskulen på Vestlandet, med frist for levering av første utkast 01.09.2017 og frist for ferdigstilling 31.12.2017.

Arbeidsgruppa tek med seg innspel frå Læringsmiljøutvalet på form og innhald i planen.

4/17 Studiebarometeret – medvirkning og læringsmiljø.

Under indikatoren *Medvirkning* vert studentane i undersøkinga spurt om dei har mulighet til å påvirke innhald og opplegg i studieprogrammet sitt. Det er jamnt over lav score på desse spørsmåla, og årsaka kan vere at fagutval og referansegrupper ikkje fungerer slik det er tenkt, eller at endringane kjem først for komande kull studentar. Dei som melde frå, får ikkje tilbakemelding om at innspela deira førte til endringar og at dei slik har hatt medvirkning. Det er viktig at studentane vert forklart kvifor det vert gjort emneevalueringar, og at det er eit reelt høve til å medvirke.

I Stord/Haugesund sitt Sei ifrå-system kan ein gå inn og sjå kor saka står – og korleis den vert fulgt opp.

Kor nøgde studentane er, kan og vere avhengig av kor engasjerte dei er i det lokale studentdemokratiet. Dei som ein når ut til, er stort sett meir nøgde enn dei som ein ikkje når ut til.

Under indikatoren *Læringsmiljø* er det undervisningslokale, studieadministrasjon og informasjon som har lavast score. Det totale inntrykket av romkvalitet og romkapasitet vert gjerne prega av utfordringar med luftkvalitet i nokre få klasserom, samt romkapasitet i forkant av eksamen. Studentane i LMU frå alle campus melder om for lite leseplassar i eksamensperioden. Studentombodet informerte om at det er gjort ein evaluering av kapasiteten ved campus Bergen, som konkluderer med at kapasiteten er tilfredsstillande. Er det likevel eit reelt behov for fleire lesesalsplassar?

Læringsmiljøutvalet ynskjer å følgje opp studentane si misnøye med undervisningslokale, og saka kjem tilbake i eit seinare møte.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet tek resultat frå Studiebarometeret på indikatorane Medvirkning og Læringsmiljø til orientering.

5/17 Møteplan for læringsmiljøutvalet 2017-2018

Medlemmene i LMU meiner at skype-møter der alle sit på kvar sitt kontor vil vere utfordrande når ein er så mange. Det er difor ynskjeleg å prøve ut ei løysing med video/skype der møtedeltakarane er samla på tre campus. Sekretær sender ut forslag til møtedatoar på e-postrunde før innkallingar i outlook vert sendt.

Det lokale læringsmiljøarbeidet vert oppmoda til å ha møter omlag 14 dagar før LMU sine møter, for å kunne melde opp saker til LMU på institusjonsnivå.

Vedtak:

Læringsmiljøutvalet vedtek følgjande møteplan for 2017/2018:

Mai/juni 2017 – Video/Skype-løysing

September 2017 – Stord

November 2017 – Video/Skype-løysing

Februar 2018 – Bergen

Mai 2018 – Video/Skype-løysing

6/17 Ymse

Studentane ynskjer informasjon om korleis vervet som LMU-medlem vert honorert, og fagtilsette ynskjer informasjon om kva timeressurs som vert tildelt til dei som er oppnemnt som LMU-medlemmer. Sekretær undersøker dette og kjem tilbake med informasjon.

Orienteringssaker

O-1/17 Orientering om Sei ifrå-systemet

Meldingar på raudt nivå - varsling om alvorlege tilhøve, må ikkje gå på open e-post til post@hvl.no slik det gjer no. AMU har handsama varslingsrutiner for HVL, og det er vedteke at det skal opprettast ei e-postadresse varsling@hvl.no. Dei som skal motta meldingar på denne adressa, skal ha krypterte maskinar, og meldingane må snarast registrerast i saks-/arkivsystemet (skjerma) for vidare oppfølging, for å ivareta personvern og informasjonstryggleik. Sekretær LMU sørgjer for at Sei ifrå-informasjonen om «raudt nivå» vert endra inntil vidare.

Læringsmiljøutvalet tek orientering om Sei ifrå-systemet til vitande.

O-2/17 Lokalt læringsmiljøarbeid i nærregionane

Det er viktig med tett dialog mellom læringmiljøkoordinatorane. Sekretær LMU informerte om at dei tre læringsmiljøkoordinatorane har jamnelege møter der læringsmiljøsaker frå nærregionane vert koordinerte og evt løfta opp til LMU på institusjonsnivå.

LMU tek orienteringa om lokalt læringsmiljøarbeid i nærregionane til vitande.



Arkivsak-dok. 17/05487-1 Arkivkode.
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato
Læringsmiljøutvalet 22.05.2017

FELLES RUSPOLICY, FØREBYGGING AV- OG RETNINGSLINJER VED RUSMISBRUK BLANT STUDENTAR

Forslag til vedtak/innstilling:

Vedtak om vidare oppfølging av saka vert utforma i møtet.

Sammendrag

Det er behov for å lage ein felles ruspolicy for HVL, og Læringsmiljøutvalet vil i møtet drøfte saka og vidare oppfølging av denne.

Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund har hatt retningslinjer og prosedyrar ved rusmisbruk blant studentar. Høgskulen i Sogn og Fjordane hadde ikkje noko skriftleggjort angående rusbruk og studentar, men ruspolitiske retningslinjer for tilsette.

HVL bør, i tillegg til retningslinjer og prosedyrar ved rusmisbruk, også ha ein ruspolicy som inkluderer førebyggjande arbeid for å redusere rusmisbruk og rusrelaterte saker blant studentar.

Det er relevant i saka at Studentsamskipnaden driv prosjektet [Lykkepromille](#), som har som mål å redusere dei negative konsekvensane av alkohol i studentmiljøet.

Vedlegg:

Retningslinjer og håndtering av rusproblematikk ved HSH
[Retningslinjer for rusmisbruk i utdanning, HiB](#)

Retningslinjer og håndtering av rusproblematikk ved Hsh

Det forventes at studenten møter rusfri til studiene ved Hsh.

Aktuelle lovhjemler

[Lov om universiteter og høyskoler](#) § 4-8, § 4-9 og § 4-10

[Lov om helsepersonell](#) (helsepersonelloven) § 3, § 8 og § 57.

[Forskrift om skikkethetsvurdering](#) § 3 og § 4

Retningslinjer for håndtering

Alle tilsette har ansvar for å reagere når studenter kommer ruset til undervisning eller det er mistanke om bruk av illegale rusmidler (I denne sammenheng regnes narkotika og dopingmidler jf. legemiddeloven § 20/24a og straffeloven § 162/162b). Studieleder skal alltid orienteres i slike saker.

Ved mistanke om bruk av illegale rusmidler innkalles studenten til samtale med studieleder og konfronteres med mistanken og hva den baserer seg på. Studenten har mulighet til å ha med seg tillitsvalgt på møtet. Alle som registrerer illegal bruk av rusmidler i studentboligene blir i tillegg oppfordret om å melde i fra til Samskipnaden v/direktør

Dersom studenten møter ruset til undervisningen, skal foreleser be vedkommende student om å forlate lokalet og studiestedet. Foreleser skal umiddelbart ta kontakt med studieleder, dekan eller studiesjef og informere om hendelsen. Skriftlig hendelsesrapport skrives av foreleser sammen med studieleder, dekan eller studiesjef. Rapporten sendes studenten sammen med innkalling til møte. Etter møtet skrives det referat som undertegnes av deltakerne på møte, inkludert studenten. Dersom studenten ikke ønsker å undertegne, påføres dette referatet.

For studenter som omfattes av skikkethetsvurdering vil referatet sendes til institusjonsansvarlig for skikkethetssaker til orientering (§ 3 og § 4). Dersom studenten ikke ønsker å delta på innkalt møte, vil hendelsesrapporten sendes institusjonsansvarlig for skikkethetssaker.

Høgskolen vil vurdere saken i forhold til § 4-8 i universitets og høyskoleloven.

Praksis

Praksisstedet skal bortvise student som møter opp i påvirket tilstand eller i bakrus.

Studenter som møter ruset til praksisstudier skal bortvises av praksisveileder og overordnede. Praksisveilederens overordnede skal umiddelbart ta kontakt med høghskolen (studieleder/praksisleder/dekan/studiesjef) og informere om hendelsen. Praksisstedet skal skrive en hendelsesrapport som sendes høghskolen v/studieleder. Høghskolen oversender rapporten til studenten, sammen med innkalling til møte. Etter møtet skrives det et referat som undertegnes av møtedeltakerne, inkludert studenten. Ønsker ikke studenten å undertegne skal dette påføres referatet. Dersom studenten ikke ønsker å delta på innkalt møte, vil hendelsesrapporten sendes institusjonsansvarlig for skikkethetssaker.

For studenter som omfattes av skikkethetsvurdering vil referatet sendes institusjonsansvarlig for skikkethetssaker til orientering. Høghskolen vil vurdere saken i forhold til § 4-8 i universitets og høghskoleloven, lov om helsepersonell og forskrift om skikkethetsvurdering.

Etter lov om universitets og høghskoleloven § 4-8, 2. ledd kan styret selv eller institusjonen sin klagenemnd utestenge studenter fra studier med klinisk undervisning og praksisopplæring og samtidig frata dem retten til å gå opp til eksamen i inntil tre år.

Mistanke om bruk av rusmidler hos studenter som omfattes av skikkethetsvurderingen (Barnehagelærerutdanningen, lærerutdanningen og sykepleieutdanningen).

Ved mistanke om rusmisbruk kan alle som har med studenten å gjøre (faglærer, medstudenter, praksisveileder eller andre) sende en tvilmelding til Høghskolens institusjonsansvarlig for skikkethetssaker. Meldingen må være konkret og tydelig når det gjelder hvilke forhold mistanken er basert på. Meldingen må videre være datert med fullt navn.

Ved mistanke om rusmisbruk innkalles studenten til samtale og konfronteres med mistanken og hva den baserer seg på. Studenten har mulighet til å ha med seg tillitsvalgt på møtet. Etter møtet skrives det et referat som undertegnes av deltakerne, inkludert studenten. Dersom studenten ikke vil undertegne, påføres dette referatet.

Referatet sendes til institusjonsansvarlig for skikkethetssaker til orientering.

Høghskolen vil vurdere saken i forhold til § 4-8 i universitets og høghskoleloven, lov om helsepersonell og forskrift om skikkethetsvurdering. Høghskolen kan orientere praksisstedet med direkte hjemmel i forskrift om skikkethetsvurdering.

Helsepersonell

Etter fullført utdanning overfører høgskolen navn på de studentene som skal ha autorisasjonsbevis, til Statens autorisasjonskontor for helsepersonell. Høgskolen er pliktig til å holde tilbake navn på studenter som ikke fyller vilkårene for autorisasjon i henhold til helsepersonelloven. I denne sammenheng ved begrunnet mistanke om rusmisbruk. I skrivet fra autorisasjonskontoret heter det: «Student som har gjennomført studiet, men ikke fått autorisasjonsdokumentet, må selv kontakte Statens autorisasjonskontor og dokumentere egenhet»

Høgskolen har ikke mandat til å kreve dokumentasjon om avholdenhet gjennom urin- eller blodprøver av studentene. Dette gjelder også tilfeller hvor studentene tidligere har erkjent eller Høgskolen har vært kjent med at vedkommende har vært rusmisbruker. Høgskolen kan derimot oppfordre til dette i enkeltsaker. Kontrakten underskrives da av student og studieleder og sendes studenten sin fastlege. Studenten må selv finansiere denne ordningen

Følgende retningslinjer gjelder studenter som utdanner seg til et yrke som faller inn under lov om helsepersonell (1999-07-02 nr. 64)

Helsepersonelloven § 8 hjelper pliktmessig avhold i arbeidstiden for alt helsepersonell. I loven står det at helsepersonell ikke skal innta alkohol eller andre rusmidler i arbeidstiden. Studenter ved sykepleieutdanningen regnes som helsepersonell i henhold til Helsepersonelloven § 3 punkt 3.

- Legemidler som er nødvendige på grunn av sykdom regnes ikke som rusmidler, men studenten skal informere studieleder og praksisveileder om inntak av denne type legemidler. Kreves dokumentasjon ved legeattest.
- Studenter som er under legemiddelassistert rehabilitering har egne retningslinjer for behandling.

Retningslinjer ved Legemiddelassistert rehabilitering

Studenter som kommer inn under Helsepersonelloven og som deltar i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) kan kun starte i praksisstudier (inkludert hospitering og observasjonspraksis) dersom høgskolen og leder for praksisstedet på forhånd er kjent med behandlingen.

Helsepersonelloven § 8 med henvisning til § 3 er styrende og det betyr at studenter i LAR har etter helsepersonellovens § 8 plikt til å informere/orientere arbeidsgiver om at de er med i et slikt behandlingsopplegg. Arbeidsgiver i denne sammenheng vil bety studieleder og virksomhetsleder på praksisstedet.

Studenten skal ta kontakt med studieleder knyttet til den aktuelle utdanning og legge frem legeerklæring som viser at behandlingsopplegget er stabilisert og at det ikke foreligger sidemisbruk.

Studieleder innhenter samtidig studentens samtykke for å frigi taushetsbelagt informasjon om behandlingen til praksiskoordinator ved høgsolen, og leder og veileder ved de aktuelle praksisstedene der det er nødvendig.

Studentens rettigheter

Studentene har rett til å påklage vedtak og rett til advokat jf. (4), (5) i § 4-8 og (7) i § 4-9 samt (4), (5) i § 4-10.

Klageadgang

Studenten har anledning til domstolsprøving av vedtak om bortvisning eller utestenging jf. § 4-11.

Hvem kan kontaktes ved behov for hjelp og videre oppfølging?

Studenten kan selv eller etter oppfordring fra Høgsolen ta kontakt med studentrådgiver for samtale om sin situasjon. Studentrådgiver kjenner til det øvrige hjelpeapparatet og kan bidra med videre oppfølging og kontakt.

Kontakt med studentrådgiver e-post: thomas.mikkelsen@hsh.no eller tlf: 53491360/52702629/40921344.

Aktuelle lover og forskrifter

Lov om universiteter og høgsoler

§ 4-8 punkt 1

"En student som tross skriftlig advarsel fra styret gjentatte ganger opptrer på en måte som virker grovt forstyrrende for medstudenters arbeid eller for virksomheten ved institusjonen ellers, kan etter vedtak av styret selv eller institusjonens klagenemnd, jf. § 5-1, bortvises fra nærmere bestemte områder ved institusjonen for inntil ett år. Hvis en student etter skriftlig

advarsel fra styret fortsatt ikke respekterer slik bortvisning, kan styret selv eller institusjonens klagenemnd, utestenge ham eller henne fra studiet i inntil ett år"

§ 4-8 punkt 2

"En student som grovt klanderverdig har opptrådt på en slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for pasienter, klienter, barnehagebarn, elever eller andre som studenten har å gjøre med som del i klinisk undervisning eller praksisopplæring, eller som gjør seg skyldig i grove brudd på taushetsplikt eller i grovt usømmelig opptreden overfor disse, kan etter vedtak av styret selv eller institusjonens klagenemnd jf § 5-1, utestenges fra studiet i inntil tre år. Institusjonen skal informere Sosial- og helsedirektoratet om utestenging etter dette alternativ når det gjelder studenter som følger utdanninger som kan utløse rett til autorisasjon etter helsepersonelloven § 48 første ledd".

§ 4-10 punkt 2. "Vitnemål for fullført utdanning forutsetter at studenten er vurdert som skikket for yrket"

§ 4-10 punkt 3: "Styret selv eller institusjonens klagenemnd kan etter innstilling fra egen skikkethetsnemnd vedta at en student ikke er skikket for yrket. En student som ikke er skikket for yrket, kan utestenges fra studiet".

Studenter ved sykepleieutdanningen

a) Lov om helsepersonell (helsepersonelloven §3, §8 og §57)

Studentgrupper som regnes som helsepersonell i henhold til helsepersonelloven §3 punkt 3. er studenter ved sykepleierutdanningen. Studenter er definert som helsepersonell etter loven når de utfører handlinger som er nevnt i lovens § 3, uavhengig av i hvilken praksis de er i, og gjelder for studentene uansett hvilken praksis de er i, så lenge de er i en helsefaglig opplæring.

Helsepersonelloven § 8. Pliktmessig avhold

"Helsepersonell skal ikke innta alkohol eller andre rusmidler i arbeidstiden. Legemidler som er nødvendige på grunn av sykdom, regnes ikke som rusmidler etter første ledd.

Helsepersonell som inntar slike legemidler, skal snarest orientere sin arbeidsgiver om dette."

Helsepersonelloven § 57. Tilbakekall av autorisasjon, lisens eller spesialistgodkjenning

"Statens helsetilsyn kan kalle tilbake autorisasjon, lisens eller spesialistgodkjenning dersom innehaveren er uegnet til å utøve sitt yrke forsvarlig på grunn av alvorlig sinnslidelse, psykisk eller fysisk svekkelse, langt fravær fra yrket, bruk av alkohol, narkotika eller midler med

lignende virkning, grov mangel på faglig innsikt, uforsvarlig virksomhet, grove pliktbrudd etter denne lov eller bestemmelser gitt i medhold av den, eller på grunn av atferd som anses uforenlig med yrkesutøvelsen."

b) Forskrift om skikkethetsvurdering § 3 og 4

§ 3. Vurderingskriterier for lærerutdanningene

e) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser

§ 4. Kriterier for helse- og sosialfagutdanningene

d) Studenten misbruker eller tilegner seg medikamenter på ulovlig vis.

e) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser

c) Søknad om autorisasjon.

I skriv fra autorisasjonskontoret heter det:

"Egnet for yrkesutøvelse er et selvstendig vilkår for autorisasjon (se helsepersonelloven § 48 annet ledd bokstav d og § 53 annet ledd, jf § 57). Dersom utdanningsinstitusjonen ikke er sikker på om dette lovvilkåret er oppfylt skal eleven/studenten ikke påføres listen. Dersom utdanningsinstitusjonen etter eksamen ikke er sikker på om kandidaten er egnet for yrkesutøvelse skal autorisasjonsdokumentet ikke utleveres.

Brev fra Statens Autorisasjonskontor for helsepersonell

"Egnet for yrkesutøvelse er et selvstendig vilkår for autorisasjon (jf helsepersonelloven § 48 annet ledd, bokstav d og § 53 annet ledd, jf § 57). Dersom utdanningsinstitusjonen ikke er sikker på om dette lovvilkåret er oppfylt skal eleven/studenten ikke påføres listen.....Ved mulig misbruk av narkotika går opplysningsretten i legemiddelloven § 25 foran taushetsplikten etter forvaltningsloven (jf uttalelse fra Justisdepartementets lovavdeling 16.07.2002)."



Arkivsak-dok. 17/03218-10 Arkivkode.
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato
Læringsmiljøutvalet 22.05.2017

INFORMASJONSFLYT VED IMPLEMENTERING AV NYE REGLAR OG FORSKRIFTER

Forslag til vedtak/innstilling:

Vidare oppfølging i saka vert vedteken i møtet.

Sammendrag

I samband med fusjonen har nye forskrifter blitt vedtekne, til dømes ny, felles eksamensforskrift for HVL. Dette kan ha ført til endring i reglar som studentane skal forholde seg til, og det er ei utfordring å få informasjon om dette til å nå studentane.

Det er viktig at nokon i organisasjonen har ansvar for å sørge for at informasjonsflyten er god nok slik at ein sikrar at alle studentane er kjende med kva for reglar som gjeld. Dette gjeld særleg no i overgangen frå retningslinjer som gjaldt i dei gamle institusjonane til nye, felles retningslinjer for alle studentar i HVL. Men å få laga gode rutinar for informasjonsflyt til alle studentar er óg viktig på lang sikt.

Læringsmiljøutvalet drøftar saka og vidare oppfølging av denne.

Vedlegg:



Arkivsak-dok. 17/03218-11 Arkivkode.
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato
Læringsmiljøutvalet 22.05.2017

OPPLÆRING I DATAVERKTØY FOR FØRSTESEMESTERSTUDENTAR

Forslag til vedtak/innstilling:

Vidare oppfølging av saka vert vedteken i møtet.

Sammendrag

På nokre studier, har studentar fått relevant opplæring i dataverktøy som word og excel i første semester, med innlevering av oppgåver som studiekrav. Dette har vore til stor hjelp ved oppgåveskriving gjennom heile studietida, og når kandidaten kjem ut i arbeidslivet.

Ved å legge dette inn som eit førstesemesteriltak i heile HVL, vil alle HVL-studentar få dette tilbodet.

Læringsmiljøutvalet drøftar i møtet om dei skal løfte denne saka vidare til relevant avgjerdsforum.

Vedlegg: